




Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
Akersgt 44
0032 OSLO



Vår ref.
07/2258-4// A10 /AREI

Dykkar ref.

Dato:
03.01.2008

HØYRING - ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

Generelt om høyringa

Det er meir enn frustrerende å få eit høyringsutkast i november månad med svarfrist 3. januar. Ein høyringsfrist på 1 – 2 månader er generelt for kort når ei sak skal handsamast politisk, og departementet må vite at i ein kommune er november og desember hektiske månader med budsjettarbeid etc. 3. januar vert difor ein maksimalt håplaus dato for levering av kommentarar til høyringsnotatet.

3.4.1 Aldersgrupper mv

Som eit generelt synspunkt vil vi hevde at når ein gjev rett til oppstart i barnehage alt frå eitt års alder, er ein i større grad opptekne av foreldra sine behov enn av barna sine-.

3.4.2 Tilgjengelege tilbod

Prinsipielt vil det vere rett å tenkje at barnehagebarna, som elevar i skulen, bør ha ein rett til å gå i den barnehagen/ dei barnehagane dei soknar til (opplæringslova si formulering). Dette ville i så fall vere ei klar innskjerping i forhold til høyringsutkastet som foreslår at foreldra skal få lovfesta rett til barnehageplass innan kommunen.

Vi ser for oss at det - sjølv med samordna opptak – vil kunne bli for lite barnehageplassar i eitt eller fleire område i vidstrakte kommunar i ein periode, og at foreldre dermed ikkje har rett til eit tilbod til barna som er godt nok/ reelt for dei. Dette vil vel vere konsekvensen av formuleringane om rett til plass innan kommunen? Lovendringa vil altså vere problemfri sett med kommunale, administrative auge, men ho sikrar ikkje eit reelt tilbod til alle når avstandane er store, slik dei er i vår kommune.

3.4.3 Kva slags barnehagetilbod skal tilbydast

Skal foreldra først få ein rett, må retten vere reell. Det vil i dette tilfellet innebere at foreldra sine behov må vere avgjerande for kva dei aktuelle aktørane pliktar å tilby, til dømes heiltids barnehage kontra korttids-. Samstundes må det sjølvstøtt her ligge avgrensingar, t.d. ved at foreldre ikkje utan vidare kan krevje at det vert starta ein friluftsbarnhage i eit område der det frå før er full barnehagedekning med "ordinære" barnehagar.

3.4.4 Ventetid

Rett til plass for alle barn som har fylt eitt år ved oppstart i barnehage, etter minimum eitt opptak i året, vil vere greitt å leve med frå kommunen si side. Men vi ser at dette kan skape frustrasjon for ein del foreldre, som kan kome til å oppleve at barnet vert opp mot 2 år før det

er sikra barnehageplass. Når full barnehagedekning innanfor noverande ordning er på plass bør ein vurdere ei sterkare tilplikting for kommunane på dette punktet.

3.4.6 Behovet for å endre...

Gloppen kommune er samd i at det må vere opp til den enkelte kommune å finne gode løysingar for samordna opptak. Kommunestrukturen/ barnehagestrukturen er så ulik at det vil vere vanskeleg å finne formuleringar som vert dekkjande for alle. Noverande formuleringar er greie.

4 Rammefinansiering

Vi vil sterkt fråå at den statlege finansieringa vert endra frå øyremerkte tilskot til rammefinansiering. Konsekvensen av rammefinansiering vil bli at sektoren går frå å ha ei trygg og forutseieleg finansiering til å kome i ein konkurransesituasjon med andre kommunale sektorar. Og ein kan med god grunn stille spørsmål om kva vinsten vil vere dersom *staten no må etablere eit effektivt og målretta tilsyn med kommunen* (nede på side 19 i høyringsnotatet) for å sikre at intensjonen i lovverket vert følgt opp.

5 Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

Dette er det vanskelegaste punktet, etter vår vurdering. Også i dag er utfordringane store her, og betre skal det ikkje bli når alle pengane hamnar i "den store sekken".

Gloppen kommune har dårlege erfaringar med noverande ordning. Reknearket som departementet har fått utarbeidd, er uoversiktleg og vanskeleg å bruke, og vi er ganske overtydde om at det også i dag er store reelle skilnader mellom tildelingane til dei private barnehagane i kommune-Noreg. Verre skal det nok bli når kommunen får alle pengane i ein sekk, om ikkje departementet samstundes utarbeider tydelege og gode retningslinjer for driftstilskot til private barnehagar.


Dei private barnehagane i Gloppen er opptekne av at det er viktig at løns- og arbeidsforholda vert mest mogeleg like for tilsette i private og kommunale barnehagar. Ut frå dette må dei økonomiske rammene vere forholdsviss like. Dei private barnehagane peikar også på det er avgjerande at tilskota til dei private barnehagane vert gjenkjennelege frå år til år, slik at dei veit kva dei har av økonomisk spelerom. Dei private barnehagane i Gloppen støttar ut frå dette alternativ 2 i høyringsnotatet, med dei endringane som vert føreslegne i §8 sjette ledd.

Løysinga på dette spørsmålet må bli at kommunane vert pålagde å lage forskrifter for kommunal finansiering av private barnehagar som sikrar kvaliteten i tilboda, mellom anna med tanke på økonomi, bemanning etc.

.....

Gloppen kommune sine høyringskommentarar er ikkje politisk behandla. Det vil skje i møte i oppvekstutvalet den 23. januar. Skulle utvalet ha andre synspunkt enn dei skulesjefen har lagt inn i kommentarane nedanfor, vil desse bli ettersende.

Med helsing


Gudmar Eikenes
skulesjef


Arne Eikenes
førstekonsulent
tlf. 57 88 38 21